



Prosjekt Bergen Memoar:

Den frivillige organisasjonen Memoar presenterer i det fylgjande eit treårig munnleg historie (oral history) prosjekt som me vil realisera, og ein søknad til Norsk Kulturfond om bidrag til dette, under ordninga Prosjektstøtte Kulturvern.

Alt innhald i prosjektet er utvikla og utprøvd gjennom frivillig innsats i perioden 2015-2018. Me ynskjer no å engasjera ein kompetent fagperson til å føra dette arbeidet over i ei ny fase, der det frivillige engasjementet kan halda fram å veksa, på same tid som det kan bli knytta endå sterkare saman med dei profesjonelle fagmiljøa innan munnleg historie i Bergen.

Ambisjonen vår er at innan prosjektavslutting, skal ei permanent stilling innan munnleg historie i Bergen vera etablert enten i ein av kulturinstitusjonane i byen (bibliotek, museum, arkiv eller universitet/høgskule) eller i organisasjonen Memoar sjølv.

I prosjektperioden skal den som vert tilsett i stillinga arbeida med:

- Intervjuopptak og rettleiing av andre intervjuarar
- Produksjon av bevaringsverdig munnleg historie gjennom dokumentasjon, kvalitetssikring og arkivering av egne og andres intervjuopptak.
- Kurs og rettleiing om munnleg historie intervju og produksjon av bevaringsverdig materiale.
- Kompetanseutvikling gjennom samarbeid med andre profesjonelle fagmiljø innan munnleg historie og gjennom å organisera erfarings- og kunnskapsutveksling mellom profesjonelle og frivillige.
- Formidling av munnleg historie gjennom publisering på nettside, bloggar, publikumsarrangement og andre formidlingstiltak.
- Rådgeving og rettleiing til bibliotek, musé, arkiv og til frivillige organisasjonar om utvikling av munnleg historie (etablering av intervjustudio, gjennomføring av kurs, formidlingstiltak, organisering av innsamlingsprosjekt osv)
- Utvikling av kontakt, erfarings- og kompetanseutveksling med nettverket Oral History i Sverige (<http://oralhistoryinsweden.blogspot.com/>), fagmiljø innan munnleg historie i Danmark og Oral History Society i Storbritania (<http://www.ohs.org.uk/>),
- Førebuing, marknadsføring, gjennomføring og oppsummering av Memoarkonferansen 2019, 2020 og 2021, i samarbeid med UiB, Bergen off. Bibliotek, Bergen Byarkiv og andre i dette fagmiljøet i Bergen.

For å finansiera prosjektet vil me søka både kommunale, regionale og nasjonale midler, aleine eller saman med andre.

Me har tru på at ei permanent stilling som dette høyrer mest naturleg heime i ein av dei eksisterande kulturinstitusjonane, som f.eks. Bergen Offentlege Bibliotek eller i Bymuseet. Men på same tid trur me at utviklinga fram mot ei permanent stilling vil få best framdrift dersom prosjektet vert forankra i Memoar. Memoar har munnleg historie som sitt hovudfokus, medan institusjonar som dei nemnde har mange andre konkurrerande fokus.

Prosjektskildringa konkluderer med ein søknad på kr. 200.000,- per år i tre år, i alt kr. 600.000 - som bidrag til prosjektkostnader på i alt kr. 2.035.000 .

Bakgrunn:

Intervjustudio:

Prosjekt Bergen.Memoar.no starta i det små sommaren 2015, ved at ein av Memoarstiftarane intervjuar kusina si om tuberkulosehistoria i deira familie. Opptaket vart gjort i Biblioteket sitt musikkstudio. Det gav meirsmak. Biblioteket ga grønt lys for å omgjera musikkstudio til eit kombinert musikk- og intervjustudio. Kommunen ga – etter fem månaders tenketid – litt støtte til utstyr, og sidan januar 2016 har studio vore operativt.

I oktober fekk me presentera ideen om å «ta vare på og dela munnlege forteljingar om levd liv», som det heiter i Memoar sin formåsparagraf, på Litterær Lunsj på biblioteket. Alt då danna det seg ein kø av folk som hadde lyst å fortelja. Og då både BT og NRK laga kvar sin reportasje om fenomenet (oktober 2016) vart køen så lang at me seinare ikkje har våga å marknadsføra prosjektet.

Dropp-inn-studio:

Våren 2017 starta Memoar eit forsøk med såkalla «Dropp-inn-studio»: Kvar onsdag bemanna Memoar studio med frivillige som påtok seg å intervjuar eller hjelpa andre med intervjuopptak. Dette reduserte etter kvart køen – men det førte i staden til ei opphoping av intervjuopptak som venta på etterarbeidet (dokumentasjon, kvalitetsikring og arkivering/publisering). Per i dag har prosjektet publisert 21 dokumenterte djup-intervju, medan 32 ferdige opptak ventar på å bli ferdiggjorte.

Memoar vil fortsetja "Dropp inn-studio" fram til 28/6: Kvar onsdag kan du få hjelp til å bli intervjuar eller til å gjennomføre egne intervju.



Kurs:

Me fekk økonomisk støtte frå Kulturrådet og fagleg støtte frå Norsk etnologisk gransking og Folkeminnesamlinga til å utvikla eit kursopplegg som skulle passa både for frivillige og profesjonelle «minnesamlarar». Fyrste versjon av kursopplegget var ferdig i januar 2016, og sidan har me køyrt kurs nesten samanhengande. Det er aukande interesse for desse kursa, både blant museumsfolk, andre profesjonelle og blant frivillige – førebels fyrst og fremst i søge/historielag.

Formidling:

Me starta tidleg ei nettside der alt som vert publisert i Memoar-regi vert formidla. Etter kvart som volumet har auka, har dei viktigaste formidlingssidene blitt «prosjektsider». Prosjektsida Bergen.Memoar.no har eksistert sidan starten. Ho treng ei oppgradering for å bli meir lik dei nyaste, f.-eks. Migrasjon.Memoar.no – eit nytt prosjekt som har vakse ut av Bergensprosjektet.

Utanom den digitale formidlinga, er det munnleg formidling i form av såkalla *forteljarpanel* som har blitt hovudformen for formidling. Det er publikumsarrangement med panelsamtale mellom ein intervjuar og forteljarar som han/ho har intervjuar i studio i forkant. Det har vist seg vera svært innhaldsrike og publikumsvenlege arrngementsformat.

Kompetanseutvikling:

Medan «Oral history» er eit «stort omgrep» i land som Storbritania (Sjå www.bl.uk/projects/national-life-stories), USA (sjå www.oralhistory.org/), og mange andre (sjå www.ioha.org), har det vore lite utvikling på feltet i Noreg. Bergen har nokre av dei sterkaste tradisjonane på feltet, forankra i det som i dag heiter UiB/Kulturvitskap (tidlegare Folkeminne). Ein direkte avleggar av det miljøet er Skeivt Arkiv, som hittil er det største profesjonelle munnleg historie-prosjektet i Noreg.

Det har vist seg at sjølv om det finst mange sentrale fagpersonar og -miljø i Bergen, så har det i ein lang periode vore tendensar til at dei strevar kvar på sin kant, utan tilstrekkeleg kompetanse- og erfaringsutveksling med kvarandre. Hausten 2017 tok Memoar initiativet til ein tverrfagleg konferanse om munnleg historie i Noreg (sjå www.memoarkonferansen.no). Interesse for den har vist med all tydelegheit at det er eit sterkt behov for initiativ som dette. Me ser at der vil vera behov både for mindre, lokale kompetanse- og erfaringsutvekslingar og regelmessige konferansar av same typen.

Bergen:

Det er ikkje berre ein myte at «bergensarar er store i kjeften». Forteljarglede er eit svært verdfullt trekk ved den lokale kulturen og identiteten her. Det er eit mål i seg sjølv å utvikla ein struktur for både å kunna dela denne djupt folkelege kultursjangeren i samtida, og å gi ettertida tilgang til korleis han artar seg i vår tid.

Dette er også råstoff for alle kunstatar. Eit rikt tilfang av forteljingar om levd liv vil kunna gi både forfattarar, filmskaparar, dramatikarar og biletkunstnarar eit betre utgangspunkt for eigen research enn om dei berre skulle ha dei kjeldene dei møter gjennom å leva sine liv her.

Produksjon:

På søknadstidspunktet i månadskiftet mai/juni 2018 er fylgjande produksjonsprosjekt igangsett:

- **«Dropp-inn studio»:** Kvar onsdag bemannar Memoar intervjustudioet i Bergen offentlege Bibliotek med ein kompetent intervjuar. Han/ho kan gjennomføra intervju eller hjelpa andre med å gjennomføra intervju. Dei som blir intervjuar (forteljarane) vert oppmoda om å dela forteljinga si med samtid og/eller ettertid gjennom avlevering til arkiv og/eller publisering på internett. Så sant me har kapasitet, vert intervjuet dokumentert med ein innhaldslogg og eit tekstsamandrag. Dette blir arkivert og eventuelt publisert saman med videoopptaket. Viss opptaket vert avlevert til Memoar, vert det teikna ein avtale som seier at forteljaren er opphavsperson. Memoar oppmodar forteljarane til å dela sine forteljingar med lisensen CC BY-NC.
- **Sjøfart.Memoar.no:** I samarbeid med Bergens Sjøfartsmuseum og Bergens Skipperforening samlar Memoar inn munnleg sjøfartshistorie i form av videointervju med sjøfolk og andre som har livserfaringar knytta til sjøfarten. I juni 2018 er det teikna ny samarbeidsavtale om at me skal samla inn 10 intervju årleg i tre år til. Intervju og eventuell dokumentasjon vart avlevert til Bergens Sjøfartsmuseum.
- **Mohlenpris.Memoar.no:** I bydelen Møhlenpris samarbeider Memoar med sportsklubben Djerv, velforeninga og barneskulen om innsamling og formidling av munnleg historie om bydelen. I 2018-2019 samarbeider me om eit prosjekt der me skal prøva å engasjera born til å laga korte innslag om bydelen idag, som kan setjast saman med eldre sine kortforteljingar om barndom i bydelen. Idéen er at desse skal formidlast gjennom ei «digital vandringsrute» i bydelen.
- **Migrasjon.Memoar.no:** Dette prosjektet starta som eit samarbeid mellom Memoar, Fylkesbiblioteket i Hordaland og det felles Innvandrarrådet i Hordaland under prosjektnamnet «Rom for møter». Memoar gjennomførte ein serie livshistorieintervju om migrasjon, dokumenterte/publiserte dei i samråd med forteljarane, og gjennomførte eit «Forteljarpanel» - ein samtale med publikum i Auditoriet i Bergen offentlege bibliotek. Interesse var stor etterpå, og me bestemte derfor at me vil halda fram dette prosjektet med same eller andre samarbeidspartar.
- **Motkultur.Memoar.no:** Dette er ein intervjuserie med personar som var aktive i dei nye rørslene som oppsto på 1960- og 1970-talet i Bergen.
- **Krigsminne.Memoar.no:** Dette prosjektet handlar om digitalisering, dokumentasjon og formidling av opptak med primærkjelder til regional og norsk historie om andre verdskrigen. Mellom anna arbeider me med ein serie opptak som vart gjort av NS-medlemmer og personar som gjorde krigsteneste på tysk side på Austfronten (såkalla frontkjemparar).
- Nye prosjektsamarbeid: «Etterspurnaden» etter nye prosjektsamarbeid aukar raskt. Det er svært om å gjera å auka kapasiteten til Memoar. Ein føresetnad for å kunne auka

Strategi:

All erfaring så langt tyder på at munnleg historie er eit felt som vil veksa raskt i Noreg. Me trur at det er mogleg å knytta saman eit fagmiljø i Bergen som kan skapa framdrift i ei slik utvikling over heile landet. Alt no samarbeider Memoar, Hordaland Sogelag, UiB/Kulturvitskap, Bergen Byarkiv og Bergen off. Bibliotek nært. Interesse for munnleg historie ser også ut til å auka i museumssektoren, og me vonar å få UiB/Historie med på laget. Alle har mykje god vilje. Utfordringa er at nokon må ta ansvar for «synergiane». Memoar har hatt ei riktig rolle der fram til no, og det ynskjer me å halda fram med så lenge det trengst.



Framdrift:

Me søker no Hordaland Fylke, Bergen Kommune, Sparebanken Vest og Norsk Kulturfond om hjelp til å få finansiert prosjektet. Lukkast det, vil me snarast råd knytta til oss ein prosjektleiar som har kompetanse og som også personleg ynskjer å utvikla ein norsk profesjon tilsvarande det britane kallar ein «oral historian».

Av kompetanse vil me fyrst og fremst sjå etter personlege eigenskapar og livserfaring. Av utdanning vil det vera relevant med historie, etnologi, sosiologi, journalistikk eller kunstfag. Av erfaring vil all livs-, arbeids- og miljøerfaring vera interessant. Me vil leggja særleg vekt på motivasjon, og me vil sjå etter ein ung person som ynskjer seg eit permanent yrke som dette.

Snarast råd vil me trekka den komande prosjektleiaren med i det frivillige arbeidet som har utgangspunkt i Studio 1 i Bergen Offentlege Bibliotek. Ho/han vil få opplæring i bruk av studio, munnleg historie intervju, dokumentasjon, arkivering og formidling.

Straks me har begynt å få finansiering, vil me etablera prosjektet permanent, med ein rettleiar og ein styringskomite Fylgjande personar har sagt ja til desse rollene:

- Rettleiar: **Bjørn Enes**. Han har vore leiar av Memoar sidan starten, og er den som har stått i spissen for utviklinga av arbeidet rundt Studio 1.
- Styringskomite :
 - **Ingrid Birc Müftüoglu**. Ho er antropolog, for tida i ei prof.2-stilling ved UiB Kulturvitskap. Ho er foreslått som sekretær i Memoarstyret frå 2018.
 - **Kyrre Kverndokk**. Han er professor i Kulturvitskap ved UiB, og ein av dei mest sentrale akademikarane innan munnleg historie i Noreg i dag.
 - **Birger Haugdal**. Han er etnolog og rådgjevar i Bergen Byarkiv. Haqner også Bergen Byarkiv sin representant i styret for Memoar.

Faseplan:

Hausten 2018:

- «Omstart» av aktivitetane rundt Studio 1 i Bergen offentlege Bibliotek. Prosjektleiar tek over hovudansvaret for aktivitetane. Marknadsføring av «Dropp-inn-studio», utvikling og opplæring av ei gruppe frivillige intervjuarar som kan supplera prosjektleiar.
- Arrangera forteljarkurset «Mitt memoar» (<http://mitt.memoar.no>)
- Førebu Memoarkonferansen 2019
- Auking av produksjonskapasiteten på etterarbeid av intervjuopptak. Utvikling og opplæring av fleire frivillige som kan supplera prosjektleiar i dette arbeidet.

Våren 2019:

- Vidareutvikla arbeidet rundt Studio 1
- Arrangera forteljarkurset «Mitt memoar» (<http://mitt.memoar.no>)
- Gjennomføra Memoarkonferansen 2019
- Initiera samarbeidstiltak med Bymuseet og andre
- Organisera erfaringsutveksling mellom profesjonelle og frivillige minnesamlarar.
- Oppgradering av nettsida Bergen.Memoar.no (Evt. etablering av blogg med same namn.)

Hausten 2019:

- Vidareutvikla arbeidet i Studio 1. Utvida til fleire bibliotek i Bergen?
- Arrangera intervjuarkurset
- Vidareutvikla samarbeidstiltak med Bymuseet og andre
- Førebu Memoarkonferansen 2020
- Etablera serie med formidlingsarrangement / Forteljarpanel i samarbeid med Bibliotek og/eller museum
- Initiera kunstprosjekt
- Delta på internasjonalt fagleg arrangement (f.eks. Oral History Society Annual Conference)

Våren 2020:

- Vidareutvikla arbeidet i Studio 1 og andre intervjustudio i bibliotek i Bergen.
- Gjennføra Memoarkonferansen 2020
- Arrangera kurs
- Vidareutvikla samarbeid med Bymuseet og andre
- Vidareutvikla serie av formidlingsarrangement
- Vidareutvikla samarbeid om kompetanseutvikling saman med UiB, Bymuseet, Biblioteket, Byarkivet og frivilligeorganisasjonar.

Hausten 2020:

- Starta systematisk arbeid for å forankra ei (eler fleire) permanent(e) stilling(ar). Utvikling av ein plan i fellesskap mellom Biblioteket, Bymuseet, Memoar og andre.
- Vidareutvikling av produksjon både i Studio 1 og i samarbeid med Bymuseet og andre
- Arrangera kurs
- Førebu Memoarkonferansen 2019
- Vidareutvikling av kompetanse- og erfaringsutveksling mellom profesjnelle og frivillige miljø
- Videreutvikla formidlingstiltak bådeditalt og gjennom publikumsarrangement

Våren 2021:

- Hovudmålet hausten 2020 må vere overgangen til permanent stilling.
- Omorganisering av produksjon, kompetanseutvikling og formidling til den permanente formen.
- Gjennomføra Memoarkonferansen 2021
- Initiera internasjonalt samarbeidsprosjekt?

Hausten 2021:

- Overgang til permanent stilling eller avslutting av engasjement.
- Sluttrapport

Budsjett

Kostnadane i dette prosjektet vil i alle hovudsak vere avgrensa til løn og administrasjon av prosjektleiaren si arbeidstid, kontorleige, leige av digital infrastruktur og kompetanseutvikling (ein årleg internasjonal konferanse).

Andre kostnader vil variera med underprosjekt som vert initierte og finansierte undervegs, så som produksjonsprosjekt saman med andre, kurs/konferansar osv. I slike underprosjekt kan dette prosjektet gå inn med prosjektleiaren sin innsats som eigeninnsats.

Me reknar at det årlege totalbudsjettet for prosjektet vil sjå slik ut for heile prosjektperioden:

Kostnader totalt:	
Lønn, feriepenger, arb.gj.avg, forsikring	kr 1 740 000,00
Teknisk infrastruktur	kr 60 000,00
Reiser og kompetanseutvikling	kr 110 000,00
Kontorleige	kr 125 000,00
Sum – prosjektkostnad totalt:	kr 2 035 000,00
Inntekter totalt	
Søknad Hordaland Fylke	kr 450 000,00
Søknad Norsk Kulturfond	kr 600 000,00
Søknad Bergen Kommune:	kr 485 000,00
Søknad Sparebanken Vest	kr 240 000,00
Bidrag frå Biblioteket (lokalleige)	kr 175 000,00
Bidrag frå memoar (del av infrastruktur)	kr 85 000,00
Sum – prosjektinntekter totalt:	kr 2 035 000,00

(Årlege kostnader og inntekter er spesifisert i vedlegg)

Søknad:

På dette grunnlager søker Memoar med dette om eit prosjekttilskot frå Norsk Kulturfond Bergen Kommune på kr. 600.000,- fordelt over tre år, som bidrag til totale prosjektkostnader på i alt kr. 2.035.000, -

Bergen – 5. juni 2018

Beste helsing:



Bjørn Enes,

Leiar av Memoar.

Memoar

Norsk organisasjon for munnleg historie

Pb. 417 Marken,
5238 Bergen

www.memoar.no

post@memoar.no

Alle har ei forteljing å dela

